

# Gamle bilete og klesskikk

*Av Helga Reidun Bergebakken Nesset*

## **Familiebilete frå Flaten i Alvdal.**

Etter kvart som fotokunsten utvikler seg blir det og vanleg at den menige mann lar seg fotografere. Dette bilete er frå ca 1872 og viser familien til Anders Olsson Flaten frå Alvdal. Personane på biletet er Anders Olsson f. 1823 og kona Marit Pedersdtr f. Randmæl 1831, og barna Ola f. 1858, seinare gardbrukar på synner Flaten, Gudlaug f. 1864, gift i Blæsterdalen, og Ingrid f. 1869, gift på Steimostea. Enda kom det to barn til. Foreldra fall ifrå i 1870 åra, så barna vart oppfostra hos skyldfolk rundt i bygda.


Det ein spesielt legg merke til på dette bilete er kleda dei har på seg. Kona ber den typiske kvinne-drakta for denne delen av Nord-Østerdalen i 1860/70-åra. Ho har den karakteristiske "honnluva" som held håret på plass. Denne blir like etterpå skifta ut med rynkelua. Elles er ho kledd i ei trøye med tronge ermer, og sid stakk. Vanlegvis vart og forkle brukt utanpå stakken. Eit tørkle er knytt i halsen. Mannen har ei meir moderne drakt. Karfolka var oftare ute og reiste og fekk av den grunn nye impulsar med seg heim, som dei seinare omdanna i si eiga kledrakt. Anders Olsson er her i sidtrøye med nedbretta slag og krave, og langbukse. Langbukser er alment brukt da folk begynte å fotografere seg. Eldre karfolk held lengre på den gamle drakta, så dei ser ein ofte avbilda i knebukse. Under trøya har han vest, også med nedbretta krave, og eit tørkle i halsen, kalt halsklut. Under vesten ser ein litt av skjorta, som truleg er sydd av bomull. Barna er

kledd som foreldra. Guten har trøye, vest, skjorte og halsklut som er knytt. Vestestoffet er tydelegvis tverrstripete. Jentene er likt kledd, med rutete stakker og trøyer med skjøter. Desse er av ulikt stoff. Under ser ein litt av overdelen (skjorta), og eit tørkle er knytt i halsen. Ein ser ikkje bort frå at barnekleda kan vera oppattsydd av eldre stoff eller plagg.

Fotografen er Elen Schomragh 1814-1902, frå Lyngdal. Ho har atelier fleire stader på Sørlandet før ho fløtter via Moss til Kristiania ca 1872. Vi veit at ho gjer ei reise til Nord-Østerdalen i året 1872 (sjå artikkelen om Os-kyrkjene i denne årboka). Kanskje er biletet teke under denne turen, men heile familien kan jo og ha vori ein tur til Kristiania, sjølv om det ikkje var så vanleg. Ein kan merke seg dei seinare bileta til Elen Schomragh er teke mot ein tapet med Ocarshall slott.



1857-1858 De  
barn og voksne  
Teigen, som het Okshaugen. De Familiebilette frå Flaten i Alvdal. (31023)



*Mekanisk verksted, Folldal Verk, fra 1907, her er det mye interessant utstyr. Flere pensjonister holder fremdeles på med litt aktivitet her. (61815).*